



Statoil Mongstad ASA  
5954 MONGSTAD

Referanser:  
Dykker: Torfinn Heier  
Vår: 15/2969 - 16/24395

Saksbehandlar:  
Arne Eikefet  
Arne.Eikefet@lindas.kommune.no

Dato:  
09.09.2016

## Løyve til regulering og uttak av vatn frå Tykkhellervatnet, Eidsvatnet, Langavatnet og Austevatnet i Lindås kommune i Lindås kommune.

Som kjent fekk Lindås kommune endeleg løyve til ovannemnde rettar 08. mars 2016. Søknaden vart sendt NVE 15.02.2013, men grunna klage, først til NVE sitt positive vedtak, og siden klagar sin anke til OED, tok det tid før saka vart slutthandsaming. Den enda med full godkjenning av søknaden, som omsøkt frå Lindås kommune. I tillegg fann departementet grunnlag for at omsøkt ekspropriasjonsløyve er tilstades, jf. Oreigningslova § 2, andre ledd. I den samanheng er det viktig å merkja seg fristen på eitt år i oreigningslova § 16 til å krevja skjønn, og at fristen går frå departementet sitt vedtak.

Det var særleg på vegne av industrien på Mongstad, (Statoil), og for å sikra nok industrivatn, at søknaden vart utforma og sendt. Men og at deler av det tilgjengelege vatnet skal kunne nyttast som drikkevatn gjennom reinsing, har vore vektlagt sterkt under behandlinga av søknaden. Statoil Mongstad AS fekk kopi av vedtaket frå OED, og dermed tidleg kjend med løyvet, og vilkåra som føl med. Etter som tida går er det viktig for Lindås kommune å få tilbakemelding frå Statoil og industrien på Mongstad, om ein ønskjer gå vidare med å få tiltaka utført. Særleg gjeld dette retten til oreigning, som kan vera nødvendig i ei så omfattande sak. Dette vil ein først få klårlagt i møte med berørte grunneigarar, og om dei då vil gå med på frivillig skjønn.

Hordaland Fylkeskommune vist i saka til undersøkingsplikta om ev. freda kulturminne. Der har vi fått eit kostnadsoverslag på rundt 850.000 kr for arkeologisk feltarbeid. Det må utførast før ein kan gå vidare med prosjekta.

Til slutt minner vi om at konsesjonen fell bort dersom ikkje anleggsarbeida er sett i gang innan tre år frå konsesjonsdato, og fullførast innan ytterlegare tre år, jf. Vassressurslova § 27.

Vi vonar leiinga i Statoil ASA kan ta saka opp, og gje kommunen ei tilbakemelding innan ikkje alt for lang tid. Då særleg med tanke på møter med grunneigarar for dei ulike vatna, og fylkeskommunen sine undersøkingar.



Vi meiner at ein i alle høve må sikra seg uttak frå Tykkhellervatnet og Eidsvatnet, og men også dei to andre vatna er viktige å kunne utnytta ved regulering og overføring.

Med helsing

Hogne Haugsdal  
ass. rådmann

Arne Eikefet  
einingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Statoil Mongstad ASA

5954

MONGSTAD